



Vågå
kommune
Fellestenester

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Melding om vedtak

Vår ref.
2010/59/187/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Sonja Tangen
61293610

Dato
02.04.2014

Høyringsuttale: Reservasjonsordning for fastlegar

Vedlagt følgjer høyringsuttale – sak 21/14 i Vågå kommunestyre, den 11.03.2014.

Med helsing

Sonja Tangen
Arkivansvarleg



**Vågå
kommune**

Arkivsak: 2010/59 -183

Arkiv:

Saksbehandlar:

Svein Holen

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
21/14	Kommunestyret	11.03.2014

Reservasjonsordning for fastlegar - Høyring

Vedlegg:

1. Høyringsnotat av 21.01.2014, Høyring – reservasjonsordning for fastleger, fra Helse- og omsorgsdepartementet. Endringer i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient og brukerrettighetsloven, og forskrift om endring i fastlegeforskriften. (Ikkje utsendt)

Saksframlegg:

Helse- og omsorgsdepartementet sende 21.01.2014 ut på høyring et forslag til endring i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient og brukerrettighetsloven (hjemmel til å gi forskrifter om reservasjonsmulighet for fastleger og rett til å skifte fastlege ved reservasjon) og forskrift om endringer i fastlegeforskriften og forskrift om pasient og brukerrettigheter i fastlegeordningen.

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i dette høringsnotatet ei tilføyning i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 tredje ledd. Tilføyinga skal gi heimel til forskrifter om mulighet for fastleger til å reservere seg mot henvisning og behandling ved alvorlige samvittighetskonflikter knytt til liv og død. Med alvorlige samvittighetskonflikter knytt til liv og død meines først og fremst abort. Heimelen vil også omfatte forskrifter om reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli lov. Heimelen skal ikkje omfatte foreskriving eller innsetting av prevensjon eller henvisning til assistert befruktning.

Vidare foreslår departementet en endring i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 c fjerde ledd. Endringa skal gje grunnlag for forskrifter om utvida rett til å skifte fastlege for pasientar som står på liste hos en fastlege som har reservert seg mot henvisning til abort.

I høringsnotatet foreslår departementet også endringer i fastlegeforskriften (forskrift 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordningen i kommunene) og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen (forskrift 29. august 2012 nr. 843).

Kommunar skal få moglegheit til å inngå avtaler med fastleger om at desse kan reservere seg av samvitsgrunnar mot å henvisne kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må sørgje for at kvinner på hans eller hennes liste som vurderer eller ønskjer henvisning til abort, får tilbod om konsultasjon hos ein annan fastlege i nærleiken seinast innan neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han eller hun har inngått en skriftlig avtale med en kollega som forplikter seg til å ta imot og henvisne de aktuelle kvinnene.

Fastlegen som har reservert seg skal også informere kvinner på sin liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort om at de kan vende seg direkte til sjukehuset utan henvisning fra fastlege.

Personar som står på lista til en fastlege som reserverer seg, skal få rett til å skifte til en fastlege som ikkje har reservert seg. Dette skiftet skal ikkje regnes som et skifte etter reglene om inntil to skifter per kalenderår. Før kommunen kan inngå en avtale om reservasjon, må den forsikre seg om at det er andre fastleger i nærleiken med opne lister slik at de som ønskjer det kan skifte til en fastlege som ikkje har reservert seg.

Fastlegen skal informere alle sine eksisterande listeinnbyggjare om reservasjonsavtalen straks avtala er inngått. Kommunen skal sørge for at alle innbyggjarane får informasjon om kva for leger som til ein kvar tid har reservert seg slik at innbyggjarane er kjend med det når de skal velje fastlege. Dette kan for eksempel gå fram av nettsida for skifte av fastleger – MinFastlege.

Forslaga i denne høringa er ei oppfølging av Regjeringas samarbeidsavtale med KrF der partane vart einige om at det skal gis reservasjonsmulegheiter for fastleger etter dialog med Den norske legeforening. Avtalen er følgt opp i Regjeringsplattformen. 4

Da felles ekteskapslov ble vedtatt i 2008, ble det lov å gje assistert befruktning til lesbiske par. Etter det fikk Rådet for legeetikk ei henvending frå legar som av overbevisingsgrunnar ikkje såg seg i stand til å henvise lesbiske par til assistert befruktning. Rådet drøfta spørsmålet om legers reservasjonsadgang i forhold til etiske regler for leger i møte 20. august 2008. Det kom til at leger må kunne reservere seg mot å utføre oppgåver som de av alvorlige overbevisingsgrunnar er mot, blant anna å henvise til abort eller henvise lesbiske par til assistert befruktning.

I brev til Rådet 24. februar 2009 og brev til Legeforeininga 23. juni 2009 uttrykte Helse- og omsorgsdepartementet aksept for en ordning der kommunen gav legar mulegheit til å overlate henvisning til assistert befruktning til andre leger. Uttala gjaldt allmennleger generelt og ikkje fastlegar spesielt.

Blant andre Legeforeininga og Landsforeininga for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner (LLH) reagerte på disse uttalane. LLH viste blant anna til at de hadde fått mange henvendigar fra lesbiske om svært ubehagelige opplevelser fordi leger nektet å henvise til assistert befruktning.

Etter en nærmare gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, fant departementet at fastlegeforskriften frå 2001 ikkje opnar for at fastleger med listeansvar kan få mulegheit til å reservere seg mot å henvise til abort og assistert befruktning eller til å forskrive eller sette inn prevensjon. Departementet informerte om dette standpunktet i rundskriv I-4/2011 om reservasjon for leger i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Sjå nærmare om rundskrivet under punkt 3.2.4.2.

Legeforeininga behandla spørsmålet om fastleger bør kunne reservere seg mot å henvise til abort m.m. på landsstyremøtet 6. juni 2013. Landsstyremøtet fatta følgjande vedtak:

”Legeforeininga meiner at alvorlige samvits grunnar knytt til liv og død kan gje grunnlag for at legar kan gjevast reservasjonsmulegheit for deltaking i henvisning og behandling. Legers reservasjonsmulegheit skal ikkje være til hinder for befolkningas lovbestemte rettigheter.

Reservasjonsmulegheita må derfor vurderast lokalt i helsetenesta på en slik måte at desse hensyn kan bli ivareteke. Pasientane skal alltid møtast med forståing og respekt. Forutsigbarhet for pasientane må sikrast gjennom god informasjon.”

Departementet foreslår at personer som står på liste hos en fastlege som har reservert seg, skal ha en utvida rett til å skifte fastlege. Pasientane skal ha rett til å skifte til ein fastlege i nærleiken som viser til abort. Dette skiftet skal ikkje telle som et skifte etter reglene om inntil to skifter per år.

Retten til å skifte til en lege som viser til abort vil være særlig aktuell for kvinner som vil kunne få behov for henvisning til abort, men den vil også gjelde for andre som av ulike grunner ikkje ønskjer å ha en fastlege som har reservert seg.

Dersom ei jente under 16 år ber om abort, skal foreldra som hovudregel få høve til å uttale seg, jf. abortloven § 4. Dersom særlige grunner talar mot det, har foreldra likevel ikkje rett til å uttale seg, jf. abortloven § 4. Etter pasient- og brukerrettighetsloven § 3-4 andre ledd skal foreldrene eller andre med foreldreansvar som hovudregel informeres dersom jenter under 16 år ber om abort, men også her er det gjort unntak "når pasienten av grunner som bør respekteres, ikkje ønskjer dette."

Hvorvidt foreldrene skal informeres og gis anledning til å uttale seg, vil avhenge av en konkret vurdering av blant annet jentas alder og modenhet og de grunner som hun oppgir for sitt ønske om å ikkje informere foreldrene. Det kan være flere årsaker til at foreldrene ikkje bør informeres om barnets kontakt med helse- og omsorgstjenesten, både ulike overbevisningsgrunner og andre rent personlige grunner (for eksempel mishandlingssaker). Departementet vil foreslå at jenter mellom 14 og 16 år sjølv skal kunne bestemme om de ønskjer å ha en fastlege som har reservert seg mot å henvise til abort eller om de vil skifte til en lege som henviser til abort. Dette skal jentene kunne bestemme uavhengig av om foreldrene er enig i skiftet eller ikkje. Det kan også tenkjast at jentene vil ønske å holde informasjon om byttet skjult for sine foreldre.

Departementet vil derfor arbeide for at HELFO gjennomfører slike bytter på en måte som i størst mulig grad skjermar denne informasjonen frå foreldras innsyn.

Unge jenter kan også kontakte skulehelsetenesta dersom de er uønskt gravid og trenger råd og rettleiing om abort. Helsesøster kan blant anna informere desse jentene om at de kan henvende seg direkte til sjukehuset med en eventuell begjæring om abort dersom de ikkje ønsker å snakke med sin fastlege om graviditeten og abortbegjæringen.

Endringane i kommunens ansvar går fram av utkast til forskrift om endringar i fastlegeforskrifta og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen av 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordning i kommunane Kapittel 5 Reservasjon av samvittighetsgrunner § 24 a-b-c-d-ef og g. Vidare i forskrift av 29. august 2012 nr. 843 om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen § 5 andre ledd, 6 andre og tredje ledd. Sentralt i endringa er § 24 b om kommunens ansvar for tilgang til fastleger som ikkje har reservert seg, og at kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig tilgang til fastleger i kommunen slik at kvinner kan få oppfylt sin rett til å skifte fastlege etter forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen § 6 andre ledd.

Vurdering:

Abortloven frå 1975 gir tilsette ved kvinneklinikkar rett til å reservere seg mot å utføre eller assistere ved sjølv abortinngrepet. I tillegg har enkelte allmennleger nekta å henvise pasientar til abort, av samvitsgrunnar. Dette har norske helsemyndigheter gjennom over 30 år gitt rom for. Samvitsspørsmålet har i praksis vorte løyst ved at legane som ikkje sjølv vil henvise, har sendt pasientane vidare til legar utan samvitskvalar. Saken om fastleger sitt høve til å reservere seg mot henvising og behandling ved alvorlige samvitskonfliktar knytt til liv og død, er derfor ikkje eit spørsmål om abortloven eller en debatt om aktiv dødshjelp, men et spørsmål om å gi den enkelte fastlege moglegheit til ikkje foreta slike henvisingar av samvitsgrunnar.

I tillegg til at legar og helsepersonell har hatt moglegheit til å reservere seg av omsyn til samvitsgrunnar, er spørsmålet om retten til å sleppe å utføre en jobb eller plikt i samfunnet av

samvitsgrunnar et tema i forsvaret. Debatten om samvitsgrunnar knytt til liv og død kan gje grunnlag for høve til reservasjon. Det er derfor ikkje ein debatt på generelt grunnlag i samfunnet, men en debatt om fastlegar skal behandlast særskilt, og ikkje ha dette høve i utøvinga av sitt yrke.

Ved å overlate handteringa av lova til den enkelte kommune opnar regjeringa for eit dele kommunar imellom som er svært uheldig i kommune-Norge som ser svært forskjellig ut frå Oslo, og til dei minste kommunane i landet. Det vil være uheldig å opne for ulik praksis i kommunane i ei sak om felles lovgiving og rettigheter i heile landet.

Uttala frå legeforeninga viser at fagfolka som står i dette til daglig meiner at det er mogleg å gje ei moglegheit til reservasjon for enkelte leger, men at legers reservasjonsmoglegheit ikkje skal være til hinder for befolkninga sin lovbestemte rettigheter. Når det gjelder legene ved Vågå legekontor er situasjonen slik at 3 av 4 leger som arbeider på kontoret i dag vil nytte seg av reservasjonsretten.

Tilføyninga som er foreslått i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 tredje ledd om høve for fastleger til å reservere seg mot henvisning og behandling ved alvorlige samvitskonflikter knytt til liv og død er derfor i samsvar med praksis gjennom 30 år, og vurdert av legeforening til ikkje å være til hinder for befolkningens lovbestemte rettigheter.

Endringar i helse- og omsorgstenesta er ei lovendring, og det er Stortinget som vedtar lovendringar. Etter at høringa om endringar i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient og brukerrettighetsloven ble sendt ut, er saka vorte gjenstand for en brei rikspolitisk debatt.

Diskusjonen har mellom anna gått på om ein ønskjer å påleggje alle fastlegar henvisningsplikt der den som oppsøker lege ønskjer en henvisning til abortgrep, eller om legenes samvitsgrunnar skal gje moglegheit for at legen kan vise til ny time innan neste virkedag hos en kollega.

Vidare har debatten gått på om det skal opne for at den enkelte kommune skal kunne avtale at fastlegen av samvitsgrunner kan reservere seg mot å henvise til abort, noe som vil gjøre svaret avhengig av bustadsadresse eller kva eit fleirtal i kommunestyrene vil mene til ei kvar tid.

Rådmannen meiner at endringar i helse- og omsorgstjenestelova og pasient og brukerrettighetslova må heimlast i lov eller forskrift, og ikkje blir overlate til den enkelte kommune.

Rådmannens innstilling:

1. Vågå kommunestyret syner til saksframstillinga og går inn for at endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient og brukarrettighetslova blir heimla i lov eller forskrift, og at det ikkje blir opp til den enkelte kommune å vedta.
2. Kommunestyret meiner at dei føreslegne lovendringane vil kunne medføre et dårligare og meir byråkratisk offentlig helsetilbod. Forslaget vil også sette kvinner i en vanskelig situasjon i møte med primærhelsetenesta.
3. Kommunestyret meiner at omsynet til kvinner i en sårbar situasjon veier tyngst og ber derfor om at Helse- og omsorgsdepartementets forslag ikkje blir vedtatt. Dersom forslaget blir vedtatt, vil kommunen ikkje tillate fastlegekontraktar som opnar for at fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.03.2014

Behandling:

Forslag frå SP og BL: Stryke siste setning i pkt. 3

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 13 mot 6 røyster.

Samrøystes

Vedtak:

1. Vågå kommunestyret syner til saksframstillinga og går inn for at endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient og brukarrettigheitslova blir heimla i lov eller forskrift, og at det ikkje blir opp til den enkelte kommune å vedta.
2. Kommunestyret meiner at dei føreslegne lovendringane vil kunne medføre et dårligare og meir byråkratisk offentlig helsetilbod. Forslaget vil også sette kvinner i en vanskelig situasjon i møte med primærhelsetenesta.
3. Kommunestyret meiner at omsynet til kvinner i en sårbar situasjon veier tyngst og ber derfor om at Helse- og omsorgsdepartementets forslag ikkje blir vedtatt. Dersom forslaget blir vedtatt, vil kommunen ikkje tillate nye fastlegekontraktar som opnar for at fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.